



GISKE KOMMUNE

Staben

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dykkar ref.:

Vår ref.: 11/444-130

Dato: 01.07.2016

GISKE KOMMUNE SI VURDERING AV FRAMTIDIG KOMMUNESTRUKTUR - VEDTAK I GISKE KOMMUNESTYRE

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

- 1) Giske kommune held fram som eigen kommune etter 2020 og deltek ikke i vidare drøftingar om etablering av regionkommunen Ålesund. Vi syner til saksutgreiing og vurderingar som er gjort der, som argumentasjon for vår avgjerd.
- 2) Giske kommune vil videreføre etablerte samarbeidsordningar og halde fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for Giske og Sunnmøre. Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.

Med helsing

Randi Kalvø
saksbehandlar - servicekontor/arkiv
tlf.: 70 18 80 63

Kopi til:

Marit Elisabeth Larssen

6050

VALDERØYA



Arkiv:

K1 - 020

GISKE KOMMUNE

JournalpostID: 16/6566
Sakshandsamar: Marit Elisabeth Larssen
Dato: 02.06.2016

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	06.06.2016	080/16
Giske kommunestyre	16.06.2016	049/16

GISKE KOMMUNE SI VURDERING AV FRAMTIDIG KOMMUNESTRUKTUR

Innstilling:

06.06.2016 Giske formannskap

Fellesforslag:

1. *Giske kommune held fram som eigen kommune etter 2020 og deltek ikke i vidare drøftingar om etablering av regionkommunen Ålesund. Vi syner til saksutgreiing og vurderingar som er gjort der, som argumentasjon for vår avgjerd.*
1. *Giske kommune er opptatt av interkommunalt samarbeid. Vi vidarefører etablerte samarbeidsordningar og held fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for regionen og Sunnmøre. Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.*

Fellesforslaget vart samråystes tilrådd.

F- 080/16 Vedtak:

Tilråding:

- 1) Giske kommune held fram som eigen kommune etter 2020 og deltek ikke i vidare drøftingar om etablering av regionkommunen Ålesund. Vi syner til saksutgreiing og vurderingar som er gjort der, som argumentasjon for vår avgjerd.

2) Giske kommune er opptatt av interkommunalt samarbeid. Vi vidarefører etablerte samarbeidsordningar og held fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for regionen og Sunnmøre. Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.

16.06.2016 Giske kommunestyre

Forslag frå Kenneth Langvatn (H):

1) Giske kommune vert ikkje ein del av regionkommunen Ålesund, i tråd med resultatet av folkerøystinga.

2) Giske kommune vil vidareføre etablerte samarbeidsordningar og halde fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for Giske og Sunnmøre. Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.

3) Giske kommune vil vere aktive i utgreiing av andre alternativ til kommunesamanslåingar, når dette ligg føre."

Det vart halde gruppeleiarmøte.

22 voterande.

Votering:

Ved alternativ votering vart pkt. 1 i formannskapet si tilråding vedtatt med 17 mot 5 røyster. Mindretallet (H, 1 TGL, 1 Frp) røysta for pkt. 1 i Kenneth Langvatn sitt forslag.

Ved alternativ votering vart pkt. 2 i Kenneth Langvatn sitt forslag vedtatt med 21 mot 1 røyst. Mindretallet (1 V) røysta for pkt. 2 i formannskapet si tilråding.

Pkt. 3 i Kenneth Langvatn sitt forslag fall med 17 mot 5 røyster H, 1 TLGL, 1 Frp.

K- 049/16 Vedtak:

1) Giske kommune held fram som eigen kommune etter 2020 og deltek ikkje i vidare drøftingar om etablering av regionkommunen Ålesund. Vi syner til saksutgreiing og vurderingar som er gjort der, som argumentasjon for vår avgjerd.

2) Giske kommune vil vidareføre etablerte samarbeidsordningar og halde fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for Giske og Sunnmøre. Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.

Vedlegg:

Vurdering av alternativa i høve kommunereforma, juni 2016
REGIONKOMMUNEN ÅLESUND - SIGNERT AVTALE
Utfordningsnotat_Giske_som_egne_kommune_etter_2020.pdf

Saksutgreiing:

Fylkesmannen har bed om at kommunane nytter ein fast mal for vurdering og tilbakemelding i høve det valet kommunen gjer. Malen er nytta i vårt arbeid, og går som hovuddokument i saka.

Giske kommunestyre la to alternativ til grunn for sitt arbeid:

- Vere med å etablere regionkommunen Ålesund (omtalt som storkommune i dokumentet)
- Halde fram som eigen kommune etter 2020

Dei to alternativa er vanskelege å setje opp mot kvarandre, fordi vi veit kva Giske er og har mulegheit til å verte, medan alternativet regionkommunen burde vurderast ut frå intensjonsavtalen viss det er trong for å vurdere det sett i lys av folkerøystingane. Rådmannen har vald å kommentere dette alternativet i hovuddokumentet.

Giske kommune:

Innafor dei kjende rammene som er endringar i inntektsystemet og endringar i oppgåver har Giske potensiale til å halde fram som eigen kommune. Inntektene vert reduserte med ca 3 mill, basert på folketalet pr 2015 (7094). Det er ikkje denne inntektsreduksjonen som er Giske si økonomiske utfordring. Den står kommunen midt opp i no, og kommunen må ha løyst den før 2020. Lykkast kommunen med sine omstillingar vil kommunen i 2020 vere i sunnare økonomisk farvatn enn på ganske lenge.

Samordna areal- og trasportplanlegging er nemnd som eit viktig argument for å slå saman kommunar. Dette kan løysast gjennom aktivt interkommunalt samarbeid, slik fleire kommunar gjer i dag. Giske kommune er alt no på slikt samarbeid.

Interkommunale selskap utanfor demokratisk kontroll er også eit argument i debatten om samanslåing. På makronivå (nasjonalt) vert det nemnd 2-sifra tal ordningar som kommunar er med i. Sett frå mikronivå (lokalt) veit vi at fleire interkommunale ordningar ikkje er selskap, men faglege nettverk – som vil finnast uavhengig av kommunestørrelse. Det ein derfor må sjå på er kor mange interkommunale *selskap* ein kommune faktisk er med i. Giske er medlem av 7 selskap. 3 stykker dekker brannoppgåver, dei resterande er renovasjon, nattlegevakt, innkjøp og regionrådet. I tillegg kjøper kommunen tenester frå t.d. Ålesund, Haram, Ørskog. Desse kan halde fram men kan også tilbakeførast til oss sjølv, alternativt finne andre samarbeidspartar, viss kommunens tenestekjøpet opphører av ein eller annan grunn.

Det er løyselege oppgåver.

Alternativet til å halde fram som eigen kommune etter 2020 var å etablere regionkommunen Ålesund saman med 10 andre kommunar. Vi kan konstatere etter folkerøystinga at dette alternativet ikkje er ønska av innbyggjarane i 9 av kommunane. Kommunestyret bør likevel kunne drøfte om ein skal jobbe vidare med dette alternativet, men då i eit lengre tidsperspektiv.

Andre alternativ er ikkje kjende i skrivande stund.

Innbyggarhøyring og folkerøysting

Det er gjennomført 3 innbyggarundersøkingar i tillegg til folkerøystinga. Undersøkingane er gjennomførte i oktober 2014, oktober 2015 og april 2016. Folkerøystinga vart gjennomført 19.5.16.

I innbyggarundersøkingane i 2014 og 2015 vart 10 personar over 18 år intervjuat. I begge undersøkingane var det eit fleirtal for at Giske skulle halde fram som eigen kommune – 53 % i 2014 og 57 % i 2015. I innbyggarundersøkinga i 2016 vart 400 personar over 16 år intervjuat, 54 % ønskte at Giske skal halde fram som eigen kommune.

Resultatet frå den rådgivande folkerøystinga, der 42,7 % av innbyggjarane over 16 år deltok, er at 78% ønskjer at Giske held fram som eigen kommune.

Heimelsgrunnlaget

Ingen aktuelle lovverk.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske verknadene av reforma er endringane som vert gjennomført i inntektsystemet. Desse medfører at Giske kommune mister vel 3 mill kroner. Oppgåver som kommunen eventuelt vert tilført skal normalt vere finansierte. Av nye oppgåve som er tenkt overført til kommunane er det ansvar for kollektivtransport som kan verte vanskeleg å ta på seg aleine. Rådmannen har ikkje hatt tid til å dukke ned i meldinga som nettopp er send ut på høyring, med svarfrist til hausten. Den kjem vi attende til med eiga sak.

Vurdering:

Det er kommunestyret som skal avgjere saka. Rådmannen ser at dette kan verte eit vanskeleg val, viss ein ikkje er samd i resultatet av folkerøystinga og har eit brennande engasjement for reforma. På den eine sida har ein kva framtid ein trur på og ønskjer å velje for kommune og region, på den andre sida respekt for rådet frå innbyggjarane og det framtidsvalet dei gjer. Eit klassisk dilemma som rådmannen ikkje skal gi råd om løysing på.

Det rådet eg vil gi er at de når de gjer valet, ikkje framhever det eine på alternativet på bekostning av det andre. Giske har potensiale til å halde fram som ein god kommune. Gjennom interkommunalt plansamarbeid vil kommunen bidra til å gjere Ålesundsregionen og Sunnmøre til sterke område i nasjonal samanheng. Med dei satsingane og prioriteringane de gjer vert Giske ein framtidsretta, aktiv og attraktiv kommune.

Alternativet – som i skrivande stund ikkje er kjend – må bygge på og inkludere dei satsingane som Giske gjer. Nyte godt av dei i si vidare utvikling. Giske er framoverlent og har mykje å by på i framtidige samarbeid anten desse vert samarbeid mellom kommunar eller samarbeid i ny kommune.

Kommunestyret skal gi fylkesmannen råd på vegen. Rådet *kan* vere å halde fram som eigen kommune. Legg ein folkeviljen til grunn for vurderinga er svaret gitt.

Rådmannen trekker ingen konklusjon om kva som bør verte resultatet for Giske og legg saka

fram utan innstilling.